



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Helga Arianson, 55 57 23 38

Vår dato
23.07.2009
Dykkar dato
30.06.2009

Vår referanse
2009/8133
Dykkar referanse

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høringsuttale - Forslag om ny forskrift om strålevern og bruk av stråling (Strålevernforskriften)

Fylkesmannen i Hordaland viser til brev frå Helse- og omsorgsdepartementet av 29. juni 2009 vedlagd framlegg til ny strålevernforskrift. Den nye forskrifta skal erstatte gjeldande forskrift av 21. november 2003.

Fylkesmannen kan i all hovudsak slutte seg til dei forslaga til endringar og nye krav som ligg i framlegget av 29. juni 2009. Det er lagt viktige premisser for omfanget av den nye forskrifta. Vi sluttar oss til forslaget om at stråling knytt til arbeidslokaler blir regulert i forskrift om arbeid med ioniserande stråling heimla i arbeidsmiljølova. Vi er og samd om at krav om førebygging av og tiltak mot radioaktiv forureining i det ytre miljøet blir tatt ut av strålevernforskrifta og heimla i forureiningslova.

Fylkesmannen vil vidare kommentere følgjande :

Kap. II §8 Godkjenning

Fylkesmannen er samd i at bokstav d) om forskringsmessig strålebruk vert eit ansvar for dei regionale etiske komiteane. Men det blir viktig at desse komiteane får innsikt i feltet, og at dei har god kontakt med Statens strålevern når det er grunn til det.

Kap. II § 18 Beredskap

Denne paragrafen er uklar. Det bør presiserast kva verksemder som skal utarbeide beredskapsplan og halde øvingar. Dette bør takast inn i merknader til forskrifta.


Kap. VI Bestemmelser om medisinsk strålebruk

Det er all grunn til å sjå kritisk på at bruken av røntgenundersøkingar aukar. Arbeidet med å hindre unødvendig stråling av pasientar er viktig og bør følgjast opp med konkrete tiltak i samband med § 38. *Berettigelse*. Statens strålevern, medisinske fagmiljø, Helsedirektoratet og Statens helsetilsyn bør samarbeide om dette. Som ledd i dette bør det følgjast opp at rekvisisjon berre skjer ved dei aktuelle gruppene av autorisert helsepersonell, jf § 40 i forslaget til ny forskrift. Ut frå nemde resonnement er det rett med detaljert regulering av medisinsk strålebruk, slik det er lagt opp til.


Kap. VII. Administrative bestemmelser

Fylkesmannen er i sterkt i tvil om mange kommunar er i stand til å føre tilsyn med solariar, slik det er lagt opp til. I mange mindre kommunar har ein ikkje tilstrekkeleg fagleg kompetent personale til å utføre slikt tilsyn.

Med helsing



Rune Fjeld
Ass. fylkesmann



Helga Arianson
fylkeslege